

## **Myten om 25 % dekning av sjukeheimplasser i prosent av talet på eldre over 80 år**

Fylkesmannen ser i kommunale planar og omstillingsnotat at enkelte kommunar viser til ein statleg norm for sjukeheimsdekning på 25 % av talet på eldre 80 år og over. Ei slik statleg norm eksisterer ikkje. Ein dekningsgrad på 25 % manglar også eit fagleg belegg og blir spesielt vanskeleg når den blir brukt til å berekne plassbehovet i enkeltkommunar.

Det har frå regjeringa si side aldri blitt vedteke ei norm eller minimums dekningsgrad for plassar verken i sjukeheim eller omsorgsbustadar.

### **Behovet i befolkninga**

Det er behovet i befolkninga i den enkelte kommune som til ei kvar tid er avgjerande for kor mange som skal ha eit heildøgns tilbod i sjukeheim, omsorgsbustad eller eigen heim. Det kan vere forholdsvis store kommunale variasjonar i behov, både ut frå befolkningssamansetnad og ulike lokale forhold. I St meld nr 31 (2001-2002) om avslutning av Handlingsplan for eldreomsorga vart det advart mot å nytte slike normtal:

»Regjeringa vil understreke at dekningsgradene ikkje er å betrakte som normtall eller minimumsstandarder, og at de i denne sammenheng bare er benyttet som måltall for handlingsplanen. Det er først og fremst bemanningsfaktoren, ikkje boformen, som er avgjørende for muligheten til å gi heildøgnsstilbud»

### **Handlingsplan for eldreomsorga**

Talet 25 % skriv seg frå St meld nr 50 (1996-1997) om Handlingsplan for eldreomsorga, der det står at det for planperioden 1998-2001 er *«lagt til grunn et behov for plasser med heildøgns pleie og omsorg i egnet bolig svarende til ca. 25 pst av befolkningen 80 år og eldre»*.

Det blir understreka at dette er eit anslag for behovsdekning på landsbasis under føresetnad av godt utbygde heimetenester og rimeleg tilgang på tilrettelagte bustader. Det gjeld alle aldersgrupper anten heildøgns omsorg blir gitt i sjukeheim, omsorgsbustader eller eigen heim.

Dette talet er altså eit 15 år gammalt anslag som aldri har vore meint som ein norm for dekningsgrad i den enkelte kommune, men som i si tid vart lagt til grunn for å berekne kostnadane for Handlingsplan for eldreomsorga. Dette anslaget har imidlertid begynt å leve sitt eige liv og fått status som statleg normtall i kommuneplanane.

Dei siste åra er det først og fremst talet på tenestemottakarar under 67 år som har auka i den kommunale omsorgstenesta. Ein dekningsgrad som berre blir sett i høve talet på eldre over 80 år blir derfor mindre og mindre riktig.

I 2011 var heildøgnsdekninga i sjukeheim og omsorgsbustader ifølgje SSB 28 plassar i prosent av befolkninga over 80 år, og ligg altså høgare enn det ein føresette då Handlingsplan for eldreomsorga vart sett i verk.

Fylkesmannen vonar med denne informasjonen å få gjort kjent at ein slik statleg norm ikkje eksisterer. Kommunane må legge behovet i eigen kommune til grunn i planarbeidet .